


Kommunikasjonsplan

Nordhordland ein kommune – 2020?



Nordhordland Utviklingsselskap IKS

1. Innleiing

Denne kommunikasjonsplanen skal vera ein reiskap for informasjon knytt til arbeidet med kommunereforma for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy. Fase 1 strekkjer seg fram til 30. juni 2016, medan den neste fasen er rekna som perioden mellom 1. juli 2016 til det eventuelt er etablert ein ny kommune frå januar 2020. Tiltaksdelen i denne planen vert revidert og tilpassa undervegs.

2. Bakgrunn

Kommunereforma har som mål å leggja til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagte oppgåver, gje betre moglegheiter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Generalistkommuneprinsippet er eit utgangspunkt for reform, og kommunestrukturen skal leggja til rette for ein einskapleg og oversiktlig forvaltning.

Regjering og Storting har difor gitt kommunane i oppdrag å sjå på kommunestrukturen ved å ta ein prat med nabokommunen(ane). I Nordhordland har kommunestruktur vore tema lenge, også før sentrale mynde sette det på sakskartet. Dei forhandlingane som vi har no kom i gong våren 2014, i utgangspunktet var der med 9 kommunar. I løpet av våren og hausten meldte Meland, Radøy og Austrheim seg ut av det store løpet. Det gjorde at forhandlingane stoppa noko opp.

Lindås, Meland og Radøy har framforhandla ein intensjonsavtale. Denne vart presentert på Nordhordlandstinget 28.01.16. Dei andre kommunane vart invitert inn til forhandlingane med utgangspunkt i denne avtalen. Det takka dei andre kommunane Ja til og det første møte var 9. februar.

Forhandlingsutval består no av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy. Kvar kommune er representert med ordførar, varaordførar, politiskar og rådmann. Forhandlingsutvalet har oppnemnt eit redaksjonsutval som består av Karstein Totland, Nina Bognøy, Øivind Oddekalv og prosjektleiar Bent Gunnar Næss.

Forhandlingsutvalet skal forhandle fram ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggest til grunn. Den skal etter tidsplanen vere ferdig 1. mars.

Skissa under viser tidslinja for kommunereforma som Stortinget har slutta seg til.



3. Prinsipp

Me ønskjer å legge fire prinsipp til grunn:

Openheit

Arbeidet med kommunereformprosessen i Nordhordland skal vere open og den skal legge til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Ein skal ha god dialog med media og sikre dei og innbyggjarane innsyn. Møta i forhandlingsutvalet er opne for media og andre interesserte.

Medverknad

Det skal leggest til rette for innbyggjarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktiv delast og det skal leggest til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggjarane kan fremja sine synspunkt.

Inkludering

Me skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon. Me skal tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene.

Aktiv

Me skal vera aktive med å leggja ut korrekt og aktuell informasjon så raskt som mogeleg.

Heilskapeleg

Informasjon om kommunereformarbeidet skal opplevast som heilskapeleg og samordna. Kommunikasjonen må difor til ei kvar tid vera forankra i alle kommunane.

4. Mål for kommunikasjonen

Hovudmålet for kommunikasjonen knytt til kommunereforma er at alle vert sikra god og relevant informasjon om arbeidet med å eventuelt byggja ein ny kommune i Nordhordland.

Delmål for kommunikasjonen

- Leggja til rette for god dialog med alle målgruppene
- Legge til rette for at korrekt og oppdatert informasjon er tilgjengeleg
- Sikra tillit til prosessen og formidle ein balansert heilskap
- Skapa engasjement og gode forventningar til resultatet av arbeidet

5. Målgrupper

Endringar i kommunestrukturen er eit omfattande arbeid som vedrører mange. Hovudbodskapen vil vere lik, men tiltaka for å nå dei kan vere forskjellige.

Målgrupper:

- Innbyggjarane – delt inn i ulike grupper
- Politikarar
- Tillitsvalde
- Tilsette
- Næringslivet
- Andre styresmakter
- Media
- Evt andre interesserte


6. Bodskap og viktige milepeler

I fase 1 er hovudbodskapen å informera om arbeidet med utkast til intensjonsavtale. Når den er ferdig vil arbeidet vere å informere om sjølve avtalen.

I fase 2, som startar etter eventuelt vedtak i kommunestyra om samanslåing, vil hovudbodskapen vere arbeidet med å byggja ein ny kommune.

Fase 1 går fram til og med vedtak i kommunestyret 22. juni. Figuren under viser dei viktigaste aktivitetane frå avtalen er ferdig framforhandla 1. mars og fram til endeleg vedtak 22. juni. Forhandlingsutvalet er einige om følgjande milepeler:

- Dei kommunane som skal ha rådgjevande folkeavrøysting – skjer 23. mai
- Innbyggjarhøyring – skjer i mai – slik at resultata kan vere offentleg tidlegast 24. mai
- Kommunestyra gjer endeleg vedtak 22. juni – bør også finne eit felles klokkeslett.
- Dei kommunane som har sagt Ja til samanslåing – har felles kommunestyremøte ?? september



7. Organisering

I fase 1 har forhandlingsutvalet det overordna ansvaret for kommunikasjonen. Redaksjonsutvalet har i oppdrag å følgja opp tiltaksplanen. Kvar einskild kommune med ordførar/rådmann må følgja opp dei lokale tiltaka.

Organisering av arbeidet i fase 2 må ein kome tilbake til.

8. Verkemiddel

I fase 1 er hovudmålet å gi informasjon om arbeidet med og innhaldet i intensjonsavtalen . Informasjonen må gis både eksternt og internt (i eigen organisasjon)

Aktuelle tiltak i fase 1:

- Heimesida til NUI
- Heimesida til kvar einskild kommune med lokale tiltak og link til NUI si heimeside
- Bruk av sosiale medium
- Pressemeldingar og pressekonferanse
- Folkemøte
- Informasjonspakke
- Brosjyre til husstandane??

9. Tiltaksplan

I fase 1 er hovudmålet å gi informasjon om arbeidet med og innhaldet i intensjonsavtalen . Informasjonen må gis både eksternt og internt (i eigen organisasjon) . Det er viktig at kvar einiskild kommune tek ansvar for sine lokale tiltak.

Aktivitetsplan vil vere eit «levande» dokumentet som sikrar at ulike aktivitetar vert samordna i regionen.

Målgruppe	Bodskap	Tiltak/verkemiddel	Mål	Tid	Ansvar
Innbyggjarar og eigne tilsette	Løypemelding om forhandlingane	Info på nettsidene	Informasjon	Februar og mars	Prosj.leiar og web ansvarleg i kommunen
Innbyggjarar	Intensjonsavtalen - ferdig framforhandla - sluttresultat	Presseinvitasjon/ Pressekonferanse	Informasjon	Mars	Ordførarane
Eigne tilsette	Intensjonsavtalen - ferdig framforhandla - sluttresultat	Intranett, epost og evt. Møte	Informasjon, involvering	Mars/april	Rådmenn
Innbyggjarar, eigne tilsette, næringsliv	Intensjonsavtalen - ferdig framforhandla - sluttresultat	Brosjyre til alle innbyggjarane?? – i post + ein til å legge ut på heimesida	Informasjon, involvering , medverknad	Mars/april	Redaksjons-gruppa
Innbyggjarar	Intensjonsavtalen - ferdig framforhandla - sluttresultat	Folkemøte	Informasjon, involvering , medverknad, dialog	Mars/april	Ordførar – kvar einiskild kommune
Ungdom	Intensjonsavtalen	Vidaregående skule Møte med ungdomsråda	Informasjon, involvering , medverknad, dialog	Mars/april	Ordførar Redaksjons-gruppa
Eldreråda	Intensjonsavtalen		Informasjon, involvering , medverknad, dialog	Mars/april	Ordførar
Kyrkjeleg fellesråd	Intensjonsavtalen		Informasjon, involvering , medverknad,	Mars/april	Ordførar

			dialog		
Kommunestyret	Intensjonsavtalen	Kommunestyret sitt møte	Informasjon, involvering, medverknad, dialog – gjere endeleg vedtak	Tilråding – før høyring - mars Endeleg vedtak 22. juni	Ordførar
Lokal politikarar	Intensjonsavtalen	Møte i dei ulike partilaga – både kommunalt og evt regionalt	Informasjon, involvering, medverknad, dialog	Mars - mai	Ordførar/ Redaksjons-gruppa